

Bergen, 17.3.86  
TH/KDM

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

~~~~~

J. 34/86

FORSKRIFT OM ENDRING AV FORSKRIFT OM REGULERING AV VINTERLODDEFISKET I BARENTSHAVET I 1986.

Fiskeridepartementet har den 10. mars 1986, med hjemmel i § 14 i forskrift om regulering av vinterloddefisket i Barentshavet i 1986, fastsatt ved kgl. res. av 20. desember 1985, bestemt:

## I

I forskrift om regulering av vinterloddefisket i Barentshavet fastsatt ved kgl. res. av 20. desember 1985, gjøres følgende endring:

§ 6 skal lyde:

Fartøy som ikkje har teke til med å fiske innan 10 dagar etter den fastsette opningsdato kan ikkje delta i fisket.

Fiskeridirektøren kan dispensera frå kravet om siste startdato i første ledd i denne paragrafen.

§ 11 skal lyde:

Det er forbode å dumpe fangst av lodde eller utkast etter konsumproduksjon.

Med dumping forstås i denne forskrift og utslepp av død eller døyyande fisk fra not eller trål.

## II

Denne forskrift trer i kraft straks.

-----

Forskriften har etter dette følgende ordlyd:

## § 1

Det er forbode å fiska lodde i det nordaustlege Atlanterhavet og i Barentshavet.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan norske farty frå den tida Fiskeridirektøren fastset og fram til og med 30. april 1986 fiska inntil 742.500 hl lodde for konsum.

Av kvoten i andre ledd kan:

- a) notfarty fiska inntil 671.000 hl
- b) trålarar fiska inntil 71.500 hl.

## § 2

Gruppekvoten fastsett i § 1, tredje ledd bokstav a vert fordelt av Fiskeridirektøren på dei deltakande fartya med følgjande basiskvotar:

- 1.000 hl + 40% av godkjend lastekap. frå 0 - 4.000 hl
- + 20% av godkjend lastekap. frå 4.000 - 6.000 hl
- + 10% av godkjend lastekap. frå 6.000 - 10.000 hl
- + 5% av godkjend lastekap. over 10.000 hl.

Kvoten for det einskilde fartyet kjem fram ved å multiplisere basiskvoten for fartyet med den faktoren ein får ved å dividere gruppekvoten i § 1 tredje ledd bokstav a med summen av basiskvotane for fartya i gruppa.

## § 3

Den som skal delta med ringnotfarty under konsesjonsgrensa må ha levert lodde fiska med ringnotfarty under konsesjonsgrensa i eitt av åra 1984 og 1985.

## § 4

Fiskeridirektøren kan fordela gruppekvoten fastsett i § 1, tredje ledd bokstav b på dei deltakande trålarane med like store kvotar innan følgjande grupperingar.

- a) farty med lastekapasitet under 1.000 hl
- b) farty med lastekapasitet mellom 1.000 - 1.499 hl
- c) farty med lastekapasitet mellom 1.500 - 1.999 hl
- d) farty med lastekapasitet mellom 2.000 - 2.499 hl
- e) farty med lastekapasitet over 2.500 hl.

## § 5

Farty som skal delta i fisket må snarast og seinast innan 31. januar 1986 melda seg på til Feitsildfiskernes Salslag, Trondheim eller Harstad eller Noregs Sildesalslag, Haugesund.

Det er forbode for farty som ikkje er påmelde å delta i vinterloddefisket i Barentshavet i 1986.

## § 6

Farty som ikkje har teke til med å fiske innan 10 dagar etter den fastsette opningsdato kan ikkje delta i fisket.

Fiskeridirektøren kan dispensera frå kravet om siste startdato i første ledd i denne paragrafen.

#### § 7

Det er forbode å drive fiske etter lodde for levering til oppmaling. Fiskeridirektøren eller den han bemyndiger kan dispensera frå dette forbodet.

#### § 8

Lastekapasitet for trålarar og ringnotfarty under konsesjons-grensa vert fastsett på grunnlag av største leverte einskildfangst av lodde, augepål eller tobis i eitt av åra 1983-1985.

Dersom eit farty ikkje har levert fangstar som fastsett i første ledd fastset Fiskeridirektøren lastekapasiteten på grunnlag av berekna volum av lasterom. Med lasterom meinast her rom der det er tillete å føre last i bulk.

Utan hinder av andre ledd i denne paragrafen kan Fiskeridirektøren fastsetja kapasiteten for frysetrålarane på basis av fryseromskapasitet.

#### § 9

Kvantumet som det einskilde farty kan fiska, kan ikkje overførast til anna farty, men må fiskast og leverast berre av det fartyet som har kvote.

Fiskeridirektøren kan ved forlis, havari o.l. etter søknad dispensera frå forbodet i første ledd.

#### § 10

Ved rognloddeproduksjon er omrekningsfaktoren 2,0 slik at 1 tonn rognlodde vert avrekna med 2 tonn (=20,62 hl) fersk lodde på fartykvoten.

Ved lodderognproduksjon er omrekningsfaktoren 7,58 slik at 1 tonn lodderogn vert avrekna med 7,58 tonn (=78,14 hl) fersk lodde på kvoten.

Summen av alle leverte produkt, inklusive kapp og faks, må ikkje overstige den kvoten det einskilde fartyet har etter § 2 eller 4 i denne forskrifta.

Levering av kapp og faks må kontrollerast av Fiskeridirektoratets kontrollverk og førast særskilt på sluttsetelen.

#### § 11

Det er forbode å dumpe fangst av lodde eller utkast etter konsumproduksjon.

Med dumping forstås i denne forskrift óg utslepp av død eller døyande fisk fra not eller trål.

#### § 12

Det er forbode å fiska lodde under 11 cm.

Utan hinder av forbodet i første ledd i denne paragrafen kan kvar landing ha inntil 10% i tal av lodde under minstemålet.

Loddefangstar kan innehalda inntil 10% sild av vekta i kvar landing.

Bifangstar av sild skal reknast med som loddefangst.

Fiskeridirektøren kan stengja områder dersom innblandinga av sild overstig 10%.

#### § 13

Fiskeridirektøren kan gje nærare forskrift om gjennomføringa og utfyllingar av denne forskrifta.

#### § 14

Fiskeridepartementet kan endra eller oppheva denne forskrifta.

#### § 15

Aktlause eller forsettelege brot på reglar gjevne i eller med heimel i denne forskrifta vert straffa i samsvar med § 53 i lov 3. juni 1983 nr. 40 om saltvannsfiske m.v. og § 11 i lov 16. juni 1972 nr. 57 om regulering av deltakelsen i fisket.

#### § 16

Denne forskrifta tek til å gjelda straks.

-----

Dei relativt små gruppekvotane som er fastsett i vinterloddefisket 1986, gjer at fartya må pårekna små fartykvoter. Derfor vil ikkje fiskeristyremaktene, i konsesjonssamanheng, lata manglande deltaking i vinter telja i negativ lei for fartya i dei konsesjonspliktige gruppene.